

Modul 6

Saum i kvinnebunad og innføring i tilpassing

Innhald

- Innføring i dei vanlegaste detaljane på ei kvinnedrakt
- Generell kunnskap om tilpassing

Omfang

Lære om ulike snitt på ei kvinnedrakt med bakgrunn i stilhistorie

- Innføring i tilpassing
- Sy dei vanlegaste detaljane frå følgjande området:
 - Livkjole frå Gudbrandsdalen
 - Beltestakk frå Telemark
 - Åmli drakt frå Aust- Agder

Læringsmål

- Deltakarane skal gjennom kurset få praktisk gjennomgang av dei vanlegaste detaljane på ei kvinnedrakt frå tre ulike draktområde.
- Enkel innføring i tilpassing

Material

Lærer tek med:

Prøvelappar på dei forskjellige detaljane. Materiale, saumbeskriving og brodergarn.
Fleire plaggdelar til prøving.

Lærer tek med prøvelappar på dei forskjellige detaljane. Materiale, saumbeskriving og brodergarn.
Fleire plaggdelar til prøving. **Ein må også på denne modulen rekne med noko utgifter til materiell ca. kr.1000,- som betalast til kurslærer.**

Som førebuing til kurset anbefalar vi å bruke bunadsleksikonet aktivt. Fin ut kva som kjenneteiknar dei ulike drakthistoriske epokane og forskjell på bunadene i dei ulike bunadskategoriane. Studere gammalt draktmateriale og akvarellar. Anbefalar folkedraktutstillinga på Bygdøy. Om du har høve til å studere gamle plagg nærare og sjå på saumdetaljar. Eksempel: kva veg saumrommet er bretta, er det kasta ned eller sydd ned? Fotografer gjerne plagg og tak dei med på kurset.

Fint om de har høvet til å øve litt på dei ulike stingvariantane på førehand.

Deltakarane sitt utstyr

- Symaskin om du har høve til å ta det med
- Målband
- Knappenåler. Store og små
- Kritt. Kvitt og farga
- Sømometer
- Synåler i forskjellige størrelser. Kanavanål nr. 24
- Sytråd. Sort bomullstråd + andre fargar.
- DMC garn nr. 8 (lærar tek også med om de ikkje får tak i)
- Fingerbøl eller syring
- Saks til stoff
- Saks til papir
- Saks liten spiss som er god til stoff
- Vinkellinjal/ linjal
- Skrivesaker
- Plastlommer
- Tape
- Perm
- Stingperm frå modul 3. Sting, saumteknikkar og broderi.

Det vil ikkje bli høve til å arbeide med personlege prosjekt.

Anbefalt litteratur:

- Haugen, Bjørn Sverre Hol: **Norsk Bunadleksikon** Damm og sønn, Oslo 2006.
Bunad- og folkedraktrådet s.20-25
Norsk bunadhistorie s.26-81
Barnebunad s.82-95
Draktsmykker s.96-125
Fottøy til folkedrakt og bunad s.126-137
Materialbruk i norske bunader s.138-159
Skikk og bruk i bunad s.160-170
Hvordan ta vare på bunaden s.171
- Christophersen, Kirsten Holtermann: **Drakthistorie**. 2000. ISBN 82-585-0940-3
- Astrup, Edle : **Sting og søm: i gammelt og nytt broderi**. Oslo. Aschehoug. 1973
Engelstad, Helen ISBN 82-03-05882-5
Molaug, Ragnhild B.
- Grølsted, Esther: **Sy folkedragten selv**. Viby 1985. ISBN 87-14-28506-1
- Centergran, Ulla og Kirkvall, Kikki: **Folkedräkter förr och nu**. LTs förlag. Stockholm 1986. ISBN 91-36-02098-2